



Det var kø inn i Oslo tingrett under klimasøksmålet mot staten. Leiar Truls Gulowsen i Greenpeace Norge meiner søksmålet har gjort at miljøparagrafen i Grunnlova er meir kjend og står sterkare no enn før. Foto: Heiko Junge / NTB scanpix

## EIN ETABLERT TRUSSEL

Dei tre juristane trur ikkje miljørørsla har mykje å tape på å anke saka, sjølv om det i teorien inneber ein risiko for å miste delsigenen som no ligg der. At paragraf 112 inneber ein individuell rett som kan prøvast for domstolen, er godt argumentert i dommen og i tråd med ordlyden i paragrafen, meiner dei.

– Eg ser det som lite truleg at Högsterett kjem til eit anna syn på dette, seier Bernt.

Skulle det likevel skje, vil det gje grunnlag for nye krav om nye verkemiddel for å kunne realisere retten til godt miljø og skikkeleg klima, meiner Backer.

– Det kan verte litt som i Alta-saka, der organisasjonane tapte, men saka førte til ein god del nye verkemiddel likevel, seier han.

Erlend Andreas Methi, som er seniorrådgjevar ved Noregs nasjonale institusjon for men-

neskerettar, seier diskusjonen om dei jussteoretiske spørsmåla ved tingrettsdommen kjem til å halde fram og om miljøorganisasjonane ikkje ankar dommen. Diskusjonen kjem til å halde fram til miljøparagrafen får ei avklaring i Högsterett, anten som følge av ein anke eller eit anna søksmål seinare.

Tingrettsdommen i seg sjølv kan også ha psykologisk verknad både i politikken og i rettssystemet. Det seier jussprofessor Eirik Holmøyvik ved Universitetet i Bergen.

Dommen har etablert ein trussel om at paragraf 112 kan gjøre vedtak ugyldige, noko som kan påverke politiske styresmakter til å vere meir føre var og gjøre ekstra grundige vurderinger i framtida, meiner han. Det vil også kunne stimulere til nye søksmål i meir konkrete utsleppsspørsmål, som til dømes dumping av gru-

veslam i Førdefjorden, og når det gjeld vern og forvalting av naturressursar.

## VIL VIDARE

Det er ikkje avklart om miljøorganisasjonane kjem til å anke tingrettsdommen enno. Fristen er 5. februar, og det er Greenpeace avgjerda står og fell på. Landsmøtet i Natur og Ungdom støttar ein anke, og det same gjer Besteforeldrenes klimaaksjon.

Tidlegare høgsterettsdommar Ketil Lund er representant for sistnemnde. Han er sterkt kritisk til at den norske produksjonen som går til utlandet for brenning og utslepp, vert sett som irrelevant, og at dommen berre vurderer dei isolerte effektane av dei ti utvinningssløyva, utan å sjå dei i kontekst med utsleppshistorikken og som eit fyrste steg i ei storstilt utvin-

ning i Barentshavet. Med det har tingrettsdommen innskrenka retten i paragraf 112 så mykje at paragrafen står att utan innhald, meiner han.

– Legg vi tingrettstolkinga til grunn, får paragrafen inga betydning for klimaet og truleg litra betydning og når det gjeld andre miljøspørsmål. For miljøinngrep går som oftast inn i ei historisk lang kjede med skadelege inngrep, seier han.

Leiar Truls Gulowsen i Greenpeace Norge ser det også som rett å anke saka, men seier det er eit spørsmål som må vurderast ut fra den totale ressursbruken og opp mot andre oppgåver og kampanjar. Miljøorganisasjonane har brukt over tre millionar kroner på klimarettsaka alt no og er dømde til å betale sakskostnader på 580.000 kroner etter tapet i tingretten.

Det motiverer likevel at det

frå juridisk hald ikkje har kome åtvaringar mot å anke.

– Eg tolkar det som at det i alle fall ikkje er dummare enn før å gå vidare, og at det var rett, det vi gjorde. Det var mange i miljørørsla som var redde for at vi kunne hole ut paragraf 112, og at vi skulle svekkje oppslutninga om miljøsaka ved å flytte saka frå politikken og inn i rettssalen. Eg trur vi har tilbakevist det, seier han.

Slik han ser det, har søksmålet synt fram stor inkonsistens mellom norsk klimapolitikk og norsk oljepolitikk, og det har gjort at paragraf 112 er meir kjend og står sterkare no enn før. Skal organisasjonane gå vidare med søksmålet, er det derimot ikkje for å teste paragrafen.

– Utgangspunktet vårt er å stoppe leiting etter olje vi meiner klimaet ikkje toler, seier han.



## Skriv et essay om kvinner i norrøn litteratur

THORLEIF DAHLS KULTURBIBLIOTEK utlyser en essaykonkurranse som en del av en norrøn satsning i 2018 der Kulturbibliotekets klassikerserie innledes med nyoversettelse av Njáls saga.

Dette skjer i året Island feirer sitt 100-årsjubileum for selvstendighet. Essaykonkurransen arrangeres i samarbeid med Islands ambassade i Norge og Klassekampen.

Vinneressayet vil bli publisert i Klassekampen og prisen vil bli utdelt på et større kulturarrangement i Oslo på slutten av året.

 THORLEIF DAHLS KULTURBIBLIOTEK

[www.thorleifdahl.no](http://www.thorleifdahl.no)

**Kr 50 000**  
tildeles deg som skriver  
vinneressayet om  
**kvinner i norrøn litteratur**

Essayet må vise kulturhistoriens relevans for vår tid og det må rette seg mot et allment publikum.

Tre skribenter går videre på bakgrunn av synopsis.

Send synopsis (1 side!) og info om deg selv innen 1. februar 2018 til [post@thorleifdahl.no](mailto:post@thorleifdahl.no)

Juryen består av: Hilde Bliksrud, Kitty Dahl, Stefka G. Eriksen og Vilborg Daviðsdóttir.

Essayet skal være cirka 25 000 tegn med mellomrom og må leveres innen 1. september 2018. (2. og 3. premie er kr. 10 000)

For mer info, kontakt daglig leder Julia Wiedlocha 936 28 866 eller styreleder Kitty Dahl 951 47 252.